




Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2012-2015

ePhorte 12/330-3



Aukra kommune

Vedtatt av Aukra kommunestyre i møte 18.10.12, sak 107/12

Innhold

1.0 INNLEIING	3
1.2 Folkehelse	3
1.3 Arbeidet med plana.....	4
2.0 FRAMSTILLING OG VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN	5
2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg.....	5
2.2 Rusmiddelsituasjonen i kommunen.....	5
3.0 RUSMIDDELPOLITISKE MÅL OG STRATEGIAR	7
3.1 Gjeldande nasjonale handlings- og strategiplaner	7
3.2 Kommunen sine mål.....	7
4.0 TILTAK	8
4.1 Førebyggande tiltak.....	9
4.1.1 Rusførebyggande gruppe.....	9
4.1.2 Løyvepolitikken	9
4.1.3 Salsløyver	9
4.1.4 Skjenkeløyver	10
4.1.5 Gebyr for sal og skjenking.....	10
4.1.6 Spesielle kommunale arrangement	10
4.1.7 Førebygging i skulen	10
4.1.8 Rusfrie møteplassar	11
4.1.9 MOT	12
4.1.10 Eldre	12
4.2 Alkoholpolitiske verkemiddel.....	13
5.0 OPPFØLGING OG REHABILITERING AV RUSMIDDELMISBRUKARAR	13
6.0 GJENNOMFØRING OG OPPFØLGING AV DEN RUSMIDDELPOLITISKE HANDLINGSPLANA	14
7.0 MÅL OG TILTAK	14

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Etter alkohollova sin § 1-7 d skal kommunen utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan. Då det er naturleg å sjå alkohol- og andre rusmiddelproblem i samanheng, anbefaler Sosial- og helsedirektoratet å utarbeide ei rusmiddelpolitisk handlingsplan. Å setje saman ei tverrfagleg arbeidsgruppe vert sett som hensiktsmessig då rusmiddelproblem er samansett og ei plan bør vere tverrfagleg og gå på tvers av etatar. Den bør omfatte alle sidene ved kommunen sitt rusarbeid. Aukra kommune har valt å skrive ei rusmiddelpolitisk handlingsplan, men løyvepolitikk og kommunal skjenking er tatt med i kapittel 4.

Ei rusmiddelpolitisk handlingsplan skal vere heilheitleg. Arbeid innafor eit område må vi sjå i samanheng med arbeid på andre område. I tråd med samhandlingsreforma er det difor viktig å sjå dei rusmiddelpolitiske utfordringane i samband med kvarandre, prioritere førebyggjande tiltak og setje opp mål ut frå Aukra kommune sin situasjon og behov.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan bør vere eit levande arbeidsreiskap i det rusmiddelpolitiske arbeidet i Aukra.

Oppfølging av personar med rusmiddelproblem er lagt til NAV Aukra, og difor er rettleiar ved NAV vald som leiar av arbeidet. Ansvaret for å følgje opp plana bør ligge til fleire einingar i kommunen slik at vi i fellesskap kan utvikle eit godt rusmiddelpolitisk arbeid i Aukra.

Ut frå dei overordna statlege mål og prioriteringar vil det i plana verte trekt linjer til lokale mål og tiltak.

Denne plana følgjer Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2009-2012.

1.2 Folkehelse

Som følgje av samhandlingsreforma vart Lov om folkehelsearbeid og Lov om kommunale helse- og omsorgstenester vedtatt. Jfr § 4 i Lov om folkehelsearbeid skal kommunen fremme befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Befolkninga si helse er ei av samfunnet sine viktigaste ressursar. For å førebyggje sjukdom og utjamne helseforskjellar, må vi tenke helse i alt vi gjer. Eit godt samarbeid i kommunen, med andre kommunar, med spesialisthelsetenesta og med frivillig sektor vil vere ein suksessfaktor i dette arbeidet.

Det nye lovverket er klar på at rusavhengighet skal likestillast med somatiske lidningar. Dette betyr at Aukra kommune har ansvar for å tilby helsefremjande og førebyggjande tenester og innanfor rusområdet, og gje personar som slit med rusproblem nødvendige helse- og omsorgstenester (Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1 og 3-2). Eigen avtale vedrørande dette vert undertekna mellom helseforetaket og kommunen hausten 2012.

I løpet av 2013 vil Helse - og omsorgsdirektoratet kome med ein rettleiar om kommunalt rusarbeid.

1.3 Arbeidet med plana

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2009-2012 vart vedteken av Aukra kommunestyre i møte den 05.02.09, sak 8/09. I pkt 7.7 i plana står det at den skal rullerast tidleg i 2012. Rådmannen ved kommunalsjef Ingrid Husøy Rimstad sette ned følgjande tverrfaglige arbeidsgruppe som skulle ha ansvar for å utarbeide forslag til ny plan:

Edny Sletten, rettleiar v/ NAV Aukra (leiar av gruppa)
Linda Søvik, psykiatrisk sjukepleiar
Therese Stokke Viken, Folkehelsekoordinator
Renate Eilertsen Løvik, helsesøster
Heidi Sporsem, dagsenteret
Jan Magne Breivik, heimetenesta
Marie Brunnes, vernepleiar v/ Julsundet skule
Lene Marita Ræstad, ungdomsarbeidar.
Odd Jørgen Nilssen, lensmann

Gruppa har i møter diskutert korleis situasjonen i Aukra kommune er i dag. Ut frå mange innspel i gruppa vart vi einige om kva som bør prioriterast i det kommunale rusarbeidet i Aukra kommune dei neste 4 åra. Ut frå gruppa si samansetting meiner vi det faglige aspektet er godt ivaretatt; alle deltakarane har god erfaring med rusarbeid på mange plan i kommunen. I tillegg har leiaren vidareutdanning innan rus frå Høgskulen i Volda.

Sosial- og helsedirektoratet sin «Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan (IS-1362)» har vore eit godt hjelpemiddel i planarbeidet og har gjort at vi har fått med dei sentrale elementa i plandokumentet.

Arbeidsgruppa starta med ein gjennomgang og evaluering av Rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2009-2012. Gruppa valde å bygge opp plana på ein litt anna måte, dette for at den nye plana skulle verte mest mogleg lik andre planer i kommunen. Ein del frå den gamle plana vart tatt med, men det har skjedd endringar på rusfeltet som gjer at det vart nødvendig med ein del nye element i den nye plana.

2.0 Framstilling og vurdering av rusmiddelsituasjonen

2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Først litt tal for å belyse utvikling i Noreg.

Årleg omsetnad av alkohol i Noreg, per innbyggjar 15 år og oppover, totalt i vareliter

1999:	81,12 l
2005:	89,45 l
2010:	90,53 l

(Tal frå sirus.no)

Nordmenn har eit drikkemønster som skil seg ut frå for eksempel Sør-Europa. Vi drikk sjeldan og mykje, i motsetnad til i Sør-Europa der dei drikk oftare, men mindre per drikkeepisode. Dei siste åra har vi tilnærma oss meir det kontinentale drikkemønsteret, vin til maten, i tillegg til det å drikke i helga.

Når det gjeld ungdom finst det ikkje tal etter 2008, men tendensen er at bruk av alkohol blant ungdom i alderen 15-20 år er på veg ned, men konsumet og det å drikke for å verte berusa er framleis betydeleg (sirus.no).

Ungdom og narkotika:

Prosent av ungdom i Noreg i alderen 15-20 år som har seier at dei nokon gong har prøvd narkotika har sidan slutten av 1990-talet gått ned. Prosent som har prøvd cannabis har gått ned frå 18 % i 1998 til 10,5 % i 2008.

For meir utfyllande statistikk sjå www.sirus.no

2.2 Rusmiddelsituasjonen i kommunen

Aukra kommune har ca 3200 innbyggjarar fordelt på øya Gossen og fastlandsdelen.

I Aukra kommune er det 3 butikkar som har løyve til sal av alkohol, i tillegg finst det ein skjenkestad. Søknader frå desse om sal- og skjenkeløyve er handsama politisk og dei har fått løyve til 31.03.2016

Dei tre butikkane fekk løyve til sal av alkohol måndag – fredag kl 08.00 – 20.00, laurdag kl 09.00 – 18.00 Kommunen kan sjølv, innanfor bestemte rammer, bestemme kor lenge butikkane skal få selje alkohol. Alkohollova tillet ikkje sal etter kl 20 på kvardagar og etter kl 18 på laurdag.

Skjenkestaden fekk følgande løyve til skjenking:

Inne: Øl og vin: kl 01.30

Brennevin: kl 01.00

Ute: Skjenketid kl 08.00-23.00

I følge alkohollova er det forbudt å skjenke brennevin i tidspunktet mellom kl 03.00 – 13.00, tilsvarende for øl og vin er mellom kl 03-00 – 06.00

Sal av alkohol i liter:

2009	2010	2011
96 706	99 736	96 988

Skjenking av alkohol i liter:

	2009	2010	2011
Øl	6 157	3 245	3 179
Vin	246	118	188
Brennevin	133	42	57

Hotell Aukra har i perioden endra sine opningstider, noko som har betydning for antal liter som vert skjenka.

Andre tal om rusmiddelsituasjonen finst ikkje for Aukra. I 2011 vart det gjort ei spørjeundersøking blant elevane om bruk av alkohol, narkotika og snus. Hovudfunnet der var at det frå 9. til 10. klasse var ei markant auke i talet på elevar som hadde smakt alkohol. Når vi tenkjer på betydinga av debutalder i forhold til konsum seinare bør det å utsetje debutalderen for alkohol vere eit tema i det førebyggjande arbeidet.

Både NAV, lensmann og psykiatrisk sjukepleiar er kjend med rusmiljøet i Aukra, og det er naturleg at nokon av desse blir del av eit rusteam i kommunen. Vi har mellom 7 og 10 godt etablerte brukarar, nokre av dei er sterkt delaktig i handel både i vår kommune og i andre kommunar. Det er lett tilgang på stoff i kommunen. Ungdommar heilt ned i konfirmasjonsalder eksperimenterer med illegale rusmiddel. Det at ungdom heilt ned i 15-årsalderen prøver narkotika er urovekkande og noko kommunen bør ta tak i.

I 2011 gjennomførte politiet ein omfattande aksjon her ute for å bryte opp det veksande rusmiljøet. Etter blant anna telefonavlytting greide dei å få informasjon og bevis nok til å ta nokre av dei største aktørane innan miljøet, men det viste seg fort at andre overtok rolla til dei som vart tatt. Dette viser at kontinuitet i politiarbeidet er viktig for å halde rekruttering og utvikling på eit lågt nivå.

Situasjonen for politiet er at dei har få ressursar både til førebygging og til å handtere lovbrøt i samband med narkotika.

Det at nordmenn nærmar seg det kontinentale drikkemønsteret gjer at fleire drikk meir til kvardags, i tillegg til at dei framleis drikk i helgane. Dette er noko vi kan vere obs på i det førebyggjande arbeidet.

3.0 Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

I dette kapittelet vil vi ta for oss mål og strategiar nasjonalt og mål og tiltak lokalt. Når det gjeld dei lokala måla vil dei setjast opp i en tabell på same måte som i kommuneplana, sjå pkt 7.0: Mål og tiltak. Eit slik oppsett gjer arbeidet enklare når plana skal rullerast.

3.1 Gjeldande nasjonale handlings- og strategiplaner

«Opptoppingplan for rusfeltet» (Helse- og omsorgsdepartementet 2008) seier noko om kva slags mål den nasjonale ruspolitikken skal ha. Opptoppingplana var meint å gjelde fram til og med 2010, men den er framleis gjeldande. I 2013 vil det kome ei ny stortingsmelding som omhandlar rusfeltet.

Det overordna målet er å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet. Vidare er det delt opp i fem hovudmål:

1. Tydeleg folkehelseperspektiv
2. Betre kvalitet og auka kompetanse
3. Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering
4. Forpliktande samhandling
5. Auka brukarmedverknad og barn og pårørande skal bli betre ivaretatt.

I «Regjeringens handlingsplan mot rusmiddelproblemer 2006-2008» finn vi og mål for ruspolitikken.

Hovudmålet er å redusere sosiale og helsemessige skader som følgje av bruk av rusmiddel.

Delmål:

- Førebygge alle typar rusmiddelbruk, med særleg fokus på førebyggjande arbeid blant barn og ungdom.
- Betre tilgang til effektiv rettleiing, hjelp og behandling for personar med rusmiddelproblem og deira pårørande.
- Redusere førekomsten av rusmiddelrelaterte helseskader og dødsfall.
- Ein politikk som regulerer tilgjengelegheit av rusmiddel, både alkohol og narkotika.

Ein ser her at måla i den nasjonale ruspolitikken i stor grad står i samsvar med målet for samhandlingsreforma.

3.2 Kommunen sine mål

Det er kommunestyret som formar den lokale rusmiddelpolitikken. Det er dei som har siste ordet når det gjeld verkemiddel for å regulere tilgjengelegheita og tiltak retta mot spesielle målgruppe.

Arbeidsgruppa har kome fram til følgjande mål for rusmiddelpolitikken i Aukra kommune:

1. Førebygge misbruk av rusmiddel

- Hindre rekruttering
 - Haldningsskapande arbeid inn i skulen og andre treffstader der ungdommen er
 - Meir kompetanse inn i det førebyggjande arbeidet
2. Redusere sosiale og helsemessige skader ved bruk av rusmiddel
- Oppfølging av personar med rusmiddelproblem
 - Fokus på pårørande
 - Auke kompetansen om rusmiddelbruk og skadeverknader
 - Samarbeid på tvers av etatane og med frivillige lag og organisasjonar
 - Motivere til behandling
 - Bustadsosialt arbeid
3. Ettervern og inkludering
- Følgje opp den einskilde etter behandling
 - Få den einskilde inn i samfunnet igjen gjennom arbeid og aktivitet
 - Rettleiing og hjelp til pårørande

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig å ha fagpersonar med kompetanse på området inn i arbeidet med å nå desse måla. Kompetanse både innanfor kva som skjer i rusmiljøet i kommunen, personar med oppdatert kompetanse på kva som skjer innan rusfeltet, men og kompetanse innafør oppfølging og rus. Det er viktig å nå barn og unge, men det er og viktig å ta vare på dei som slit med rusmiddelproblem. Dei pårørande bør og få tilbod om rettleiing.

4.0 Tiltak

Rusproblema i Aukra er ut frå opplysningar frå fagpersonar i kommunen normal samanlikna med andre kommunar på same størrelse. Eit veksende rusmiljø, ungdommar som eksperimenterer og personar med etablerte rusproblem som fell utanfor samfunnet. Det er viktig at kommunen tek ansvar på desse områda.

Prosjekt:

I februar 2012 gjekk Aukra kommune inn eit prosjekt i samarbeid med Kompetansesenter Rus Midt og Fylkesmannen, med fokus på å styrke tenestetilbodet til personar med samansette problem; rus og psykiske lidingar, herunder arbeid med individuell plan. Det er satt saman ei tverrfagleg prosjektgruppe leia av NAV Aukra. Dei andre deltakarane i gruppa er:

Psykiatrisk sjukepleiar
 Folkehelsekoordinator
 Helsesøster
 Fysioterapeut
 Ergoterapeut
 Ungdomsarbeidar

Kommunen har i samband med prosjektet fått tildelt eit stimuleringsstilskot på kr 60.000 som skal dekkje opp for det arbeidet som vert gjort i prosjektet. Som ein del av prosjektet skal kommunen saman med Fylkesmannen og KoRus Midt arrangere eit arbeidsseminar hausten 2012 der ulike einingar, politikarar og andre vert invitert inn for å kome fram til tiltak for å styrke samarbeidet innad i kommunen retta mot personar med samansette problem.

Aukra kommune kan søkje Fylkesmannen om tilskot til kommunalt rusarbeid.

4.1 Førebyggande tiltak

Rusmiddelproblem oppstår og utviklar seg på mange ulike arenaer og i ulike fasar av livet. Førebygging må difor rette seg mot ulike stader der innbyggjarane er, blant anna barnehage, skule, arbeid og på fritidsarenaer.

4.1.1 Rusførebyggande gruppe

Det finst i dag ei rusførebyggande gruppe i kommunen, kommunestyresak 70/09. Grappa er breitt samansett og har med representantar frå barnevern, skule, barnehage, PPT, lensmann, prest, NAV og politisk utval, i tillegg til psykiatrisk sjukepleiar, helsesøster og ungdomsarbeidar. Folkehelsekoordinator er leiar for grappa. I løpet av 2010 og 2011 vart det halde regelmessige møter i grappa og dei arrangerte to folkemøter med god oppslutning. Det at fagpersonar har eit fora der dei kan møtast for å diskutere utfordringar dei møter gjennom jobben sin og faglege spørsmål vert sett på som viktig. Grappa er og viktig for å utvikle det førebyggande arbeidet i kommunen. Arbeidsgruppa for rusmiddelpolitisk handlingsplan meiner denne grappa bør ta opp igjen arbeidet og vere eit møtepunkt for fagpersonane i kommunen. Det ligg føre eit politisk vedtak om at den eininga som får ansvaret for det ruspolitiske arbeidet i kommunen skal ha ansvar for å vidareføre grappa.

4.1.2 Løyvepolitikken

Alkoholova av 2. juni 1989 regulerer innføring og omsetjing av alkoholhaldig drikk. Føremålet med lova er å i størst mogleg grad avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadene som alkohol kan medføre. Lova tek likevel utgangspunkt i at alkohol er ei vare som det er lovleg å omsetje og bruke.

Aukra kommune er ved kommunestyret ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestader etter den alkoholovgjevinga som til ei kvar tid gjeld. Ulike deloppgåver kan delegerast så vel politisk som administrativt.

4.1.3 Salsløyver

Det er gjennom tidlegare plan opna for alminneleg butikksal for alkohol under 4,7 % volum alkohol i Aukra kommune. Alle daglegvarebutikkane har i dag løyve. Salsløyve for øl skal berre gjevast til daglegvareforretningar og løyvet skal vere knytt til eit bestemt lokale med eit avgrensa

areal. Salsløyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som driv verksemda. For utfyllande regler sjå alkohollova.

4.1.4 Skjenkeløyver

Skjenkeløyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som driv verksemda. For utfyllande regler sjå alkohollova. I Aukra kommune er det per i dag ei verksemd som har fått skjenkebevilling.

Løyve til servering av øl og vin ved enkeltarrangement; alkohollova § 1-6. Kommunen kan setje klare tidsgrenser, men arrangement som går over fleire dagar kan sjåast på som enkeltarrangement. Denne typen søknader er delegert rådmannen.

Ambulerande skjenkeløyve; alkohollova § 4-5. Løyve til servering av brennevin, vin og øl i slutta lag. Denne type søknader bør vere delegert til rådmannen.

4.1.5 Gebyr for sal og skjenking

Det er staten som regulerer og fastset satsane for gebyr ved sal og skjenking. Det har tidlegare vore kommunal vilje at inntektene her skal gå til rusførebyggande arbeid, denne ordninga må vidareførast.

4.1.6 Spesielle kommunale arrangement

Hovudregelen for Aukra kommune er at det ikkje skal serverast alkohol på kommunen sine arrangement, men det er høve til å gjere dette i sjeldne tilhøve. Beslutning om dette skal gjerast av ordførar.

4.1.7 Førebygging i skulen

Skulen er ein sentral arena kor haldningar vert danna gjennom kunnskap, læring og sosial fellesskap med andre elevar. Læreplana er ramma for skulen sitt rusførebyggande arbeid. Dette arbeidet må vurderast i samanheng med andre område som utvikling av sosial kompetanse, arbeid mot mobbing og arbeid med psykisk helse i skulen. Eit inkluderande læringsmiljø, og helsefremjande arbeid generelt er av vesentleg betydning for det rusførebyggande arbeidet.

Når det gjeld førebygging i skulen viser forsking at mange av dei kampanjane som vert køyrd i liten grad kan dokumentere førebyggande effekt. Det vert i for stor grad fokusert på innhald og ikkje på kven som formidlar og i kva for ein kontekst budskapet vert formidla. Igjen ser vi kor viktig det er at det er fagpersonar med kunnskap om emnet som køyrer desse kampanjane.

Det skal setjast saman eit rusteam som blant anna jobbar med førebygging, spesielt retta mot barn og unge, men og mot pårørande og personar som allereie har eit rusproblem. Teamet bør ha 2-3 faste personar blant anna ruskonsulent, psykiatrisk sjukepleiar og vernepleiar/ miljøarbeidar.

Samarbeid på tvers av einingar skal halde fram som før, men teamet skal ha det overordna ansvaret for rusarbeidet i kommunen.

Om det er eit team av bestemte fagpersonar som møter barn og unge på deira arena vil det vert bygd relasjonar og trygge rammer. Om ungdommane møter dei same personane i skulen, på UFO, gjennom idrettslaget og på andre arena vil det skapast ein trygghet og eit samarbeid som vil styrke det førebyggjande arbeidet. Terskelen for å ta kontakt vil verte lågare både når det gjeld eigne problem, men og om ein er bekymra for andre.

Elevane i ungdomsskulen ønsker at temaet «rus» skal takast opp på skulen for å nå alle. Det er behov for undervisning frå 7. eller 8 trinn, noko som bør følgast opp i kvart trinn i ungdomsskulen. Ungdommane ønskjer undervisning i kva rusmidlar er og om ulike typar. Frå 9. og 10. klasse er det fleire som prøver ulike rusmiddel, ungdommane ser det difor som nyttig å ha undervisning allereie frå 7. klasse. MOT-ambassadørar og andre aktører vil verte viktig i dette arbeidet. Eit rusteam vil ha den kompetansen som trengs for å undervise ungdommane i temaet «rus», og i samarbeid med ungdomsarbeidar og andre som jobbar med ungdom kan kommunen ha god sjans til å informere i skulen på ein god og hensiktsmessig måte.

Foreldra er viktige i det rusførebyggjande arbeidet. Ungdommen i Aukra meiner at foreldra veit for lite om rus og ungdomsmiljøet i kommunen. Dei får ofte lite informasjon frå ungane sine og det er då viktig at foreldra tør å mase litt; vise at dei bryr seg. Foreldra bør samlast minst ein gong per år og informerast om rus og ungdomsmiljøet i Aukra. Ei årleg spørreundersøking blant ungdom i kommunen, der resultatet blir eit tema på desse møta vert foreslått.

4.1.8 Rusfrie møteplassar

Det er viktig å ha rusfrie møteplassar for alle aldersgrupper, som for eksempel samarbeid med idrettslag og andre frivillige organisasjonar. Foreldre skal vere trygge på at når barn og unge er med på idrett eller anna aktivitet er det utan rusmiddel. Jf. Lov om folkehelsearbeid skal kommunen leggje til rette for samarbeid med frivillig sektor. Frivillige sektor har ein viktig rolle i folkehelsearbeidet. Det er registrert over 100 lag og organisasjonar i Aukra. Dette mangfaldet viser eit stort og verdifullt frivillig engasjement i kommunen vår. Kvar enkelt av oss er viktige aktørar i det førebyggjande arbeidet, og det er viktig at den einskilde er klar over ansvaret dei har i dette arbeidet i Aukra. Frivilligsentralen kan her spele ei viktig rolle både som koordinator for frivillig arbeid og som møteplass.

Ungdommen i Aukra ser det som viktig å ha møteplassar, blant anna ungdomsklubb. Dei er redd for kva som skjer med UFO no når styrar har sagt opp vervet sitt. Ungdommen vil vere med å styre innhaldet i aktivitetane sine. Det er viktig å ha eit tilbod både på kvardager og i helgene. Dei ønskjer ein stad å vere for å snakke saman, utan for mykje organisert aktivitet.

I Julsundet ønskjer dei seg eit betre tilbod i ungdomsklubben; meir planlagde aktivitetar. Dei ytrar og eit ønskje om at gymsalen kan vere open for aktivitet ein kveld per månad.

Pinsemenigheten Klippen får kvart år besøk av team eller andre som tar opp temaet rus, for eksempel Mariastiftelsen, Blå Kors og Svein Nordvik m/team. Desse har besøkt skulane og delteke på folkemøte arrangert av den rusførebyggjande gruppa. Klippen ønsker å samarbeide med kommunen for at dei tiltaka dei arrangerer skal nå ut til flest mogleg Klippen arrangerer nattcafe annakvar laurdag, eit rusfritt tilbod til ungdom frå 8. klasse.

Saman med ungdommen kan vaksne vere med å legge til rette for at møteplassar kan verte ein viktig faktor i det rusførebyggande arbeidet i Aukra.

4.1.9 MOT

Kommuneplana for Aukra 2012-2012 er tydeleg på at Aukra skal vere ein MOT-kommune. Det betyr at vi innanfor alle tenesteområde skal arbeide for varmare og tryggare oppvekstmiljø for barn og ungdom.

Sitat: *«Ved å bygge vidare på mottoet som MOT-organisasjonane har «Ta dei rette vala, ta vare på seg sjølv og andre og fremje gode haldningar» sikrar ein eit varmare og tryggare oppvekstmiljø. Ungdommen skal vere stolte av å høyre til i Aukra. Ein må ta ungdommen med på råd og investere i tiltak som dei meiner er viktige.»*

MOT er en haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom og har som mål å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø. MOT har ulike førebyggande tiltak dei jobbar med:

- Program i ungdomsskulen og vidaregåande skule for å bevisstgjere ungdommen til å ta dei rette vala og vise mot blant anna når det gjeld drikkepress og rus
- Foreldremøte i 8. klasse
- Tiltak på fritidsarenaen til ungdommen, blant anna utdanne trenarar/leiar/ ressurspersonar som kan nytte MOT sine verkty i praksis
- Aktivitetar og synleggjering av MOT i lokalsamfunnet
- Ungdom Med MOT skoloring gjennomførast for utvalde elevar som er gode rollemodellar (frå 9. klasse)
- MOT-camp

Aukra kommune bør og i framtida vere ein kommune med MOT. Det arbeidet MOT gjer vil ha stor betydning for det førebyggande arbeidet i kommunen. Saman med fagpersonar i kommunen kan dei saman vere ein sentral aktør i det rusførebyggande arbeidet.

4.1.10 Eldre

Statistikk viser no at det blir fleire og fleire eldre som slit med rusproblem. Heimetenesta vil nok difor i større grad framover kome i kontakt med personar med ulike rusmiddelproblem. Eldrerådet i kommunen ønsker meir fokus på dette problemet. Korleis blir eldre med rusproblem fanga opp, kven har kompetanse på dette og kva med dei som ikkje er i kontakt med heimetenesta.

Vi ser altså at eit rusteam kan drive førebyggjande arbeid mot fleire grupper i befolkninga og bidra til auka kompetanse blant ulike aktørar i kommunen. Pårørande og personar med rusmiddelproblem vil enklare få den hjelpa dei treng om dei har fagpersonar å støtte seg til som dei veit har kompetanse på området. Personar med kompetanse både om kva som skjer i rusfeltet fagleg sett og som har oversikt over dei ulike hjelpetiltaka i kommunen og nærområdet.

4.2 Alkoholpolitiske verkemiddel

Kommunestyret har vedtatt sals- og skjenketider i Aukra dei neste 4 åra. Dei folkevalde og administrasjonen i kommunen kan vere ein pådrivar for å auke kunnskapen om at politiske virkemiddel er tiltak som har størst førebyggjande effekt når det gjeld å avgrense alkoholrelaterte skader og problem.

5.0 Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar

Aukra kommune er ein liten kommune, men blant innbyggjarane finst det personar med behov for oppfølging og rehabilitering på grunn av rusproblem. Dette gjeld blant anna personar som treng hjelp etter opphald i fengsel, etter behandling i institusjon, personar som dett ut av arbeidsliv og skule.

Aukra kommune har fagfolk på fleire område som arbeidar med oppfølging av desse personane. Blant anna NAV, psykiatrisk sjukepleiar, jordmor, helsestasjon, lege, barnevern, skule, barnehage, dagsenteret og eldreomsorgen jobbar alle med personar som har rusproblem eller som er pårørande av rusmisbrukarar. Dei fleste som slit med rusproblem har og psykiske plager, så det er viktig å sjå dette i samanheng. Det er vanskeleg og tidkrevjande og halde seg fagleg oppdatert innan rusfeltet. Med eit team som jobbar innan rus/psykiatri vil kommunen opparbeide seg meir kompetanse og fagleg kunnskap på området, kompetanse som alle etatar har bruk for i sitt arbeid og som gjer at dei som treng hjelp vert ivaretatt best mogleg. Aukra kommune har god fagkompetanse for å kunne drive med oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar, men samhandlinga for denne gruppa hadde vorte meir hensiktsmessig og betre om ansvaret var forankra hos dedikerte personar.

Rusbehandling Midt-Norge HF vart etablert i 2004 og er eit helseforetak som er eigd av Helse Midt-Norge. Hovudoppgåvene deira er pasientbehandling, opplæring av pasientar og pårørande, forskning og utvikling. Dei eig tre klinikkar som Aukra kommune kan nytte og henvise personar til: Vestmo behandlingssenter, Veksthuset Molde og Trondheimsklinikken. I tillegg har dei driftsavtale med Lade behandlingssenter, NKS Kvamsgrindkollektivet og Tyrilistiftelsen, rammeavtale med Valdresklinikken samt samarbeidsavtale med Avdeling for Rusrelatert Psykiatri (ARP), Helse Nord-Trøndelag. Eit tverrfagleg team innan rus/psykiatri vil kunne opprette eit betre samarbeid med spesialisthelsetenesta og gjere overgangen for brukaren mellom spesialisthelseteneste og kommune enklare.

6.0 Gjennomføring og oppfølging av den rusmiddelpolitiske handlingsplana

Tiltak som vert vedtatt i plana skal innarbeidast i Aukra kommune sine årlege budsjett.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Aukra kommune bør rullerast tidleg i neste kommunestyreperiode. Rusmiddelpolitisk handlingsplan er tverrfaglig og alle einingar innan kommunen bør bidra til gjennomføring av plana.

Ved neste rullering bør det vurderast om psykiatriplana bør inn i rusmiddelpolitisk handlingsplan. Dette er to fagfelt som høyrer tett saman og kommunen bør sjå dei i samanheng.

7.0 Mål og tiltak

HOVUDMÅL 1	
Førebygge misbruk av rusmiddel	
Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
<p>Hindre rekruttering til misbruk av rusmiddel</p> <p>Haldningsskapande arbeid</p> <p>Meir kompetanse inn i det førebyggjande arbeidet</p> <p>Initiativ frå samarbeidspartar om å delta i det førebyggjande arbeidet</p> <p>Aukra kommune skal vere eit Lokalsamfunn med MOT</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Opprette eit tverrfagleg team - Fagpersonar inn i det førebyggjande arbeidet - Møte barn og unge på ulike arena; både i skule og fritid - Dele kompetansen på tvers av einingar - Dedikerte fagpersonar som held seg oppdatert innan rusfeltet - Ta vare på dei tiltaka og rusfrie møteplassane vi har (ungdomsklubb, MOT, fritidsaktivitetar) - Arbeide saman med foreldregruppa - Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar - Aktiv på dagtid - Utdanne 8 nye Ungdom med MOT kvart år i planperioda. - Gjere MOT meir synleg på fritidsarenaen til ungdom - 1-2 ungdommar får tilbod om å delta på MOT-camp kvart år.

HOVUDMÅL 2	
Redusere sosiale og helsemessige skader ved bruk av rusmiddel	
Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Oppfølging av personar med rusproblem Fokus på pårørande Auke kompetansen Samarbeid på tvers Motivere til behandling	<ul style="list-style-type: none"> - Opprette eit tverrfagleg team (jfr hovudmål 1) - Samarbeid med pårørandeorganisasjonar - Legge til rette for vidareutdanning - Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar - Aktiv på dagtid - Sette fokus på AKAN

HOVUDMÅL 3	
Ettervern og inkludering	
Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Følgje opp den einskilde etter behandling Inkludere den einskilde inn i lokalsamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> - Opprette eit tverrfagleg team (jfr hovudmål 1,2) - Få brukargruppa inn på dagsenteret - Miljøarbeid i heimen - Butrening - Praktisk bistand - Samarbeid med ulike einingar - Samarbeid med arbeidsgjevarar - Samarbeid med spesialisthelseteneste - Aktiv på dagtid

Arbeidsgruppa vurderer at hovudsaka blir å opprette eit tverrfagleg team hausten 2012. Dette teamet bør bestå av 2-3 faste fagpersonar med kompetanse innan rus og psykiatri som har ansvar for dei tre hovudmåla i plana; førebygging, redusere skader og ettervern og inkludering. Det betyr ikkje at det er dei som skal stå for alt arbeidet som er skissert i plana, men vere ansvarleg for at det kommunale rusarbeidet vert gjennomført på ein god og hensiktsmessig måte. Når det gjeld økonomiske konsekvensar og ressursar jobbar kommunen i dag med dette på ulike plan og i ulike etatar. Å samle arbeidet på færre personar betyr at ressursane blir nytta meir hensiktsmessig, og ein ser ikkje at arbeidet beskrive ovanfor skal utløyse fleire ressursar.

Plana er sendt på høyring til:

Alle einingar i kommunen v/ einingsleiarar

Rådet for funksjonshemma

Ungdomsrådet

Idrettsrådet

Lensmannen i Sund

Aukra Kyrkje

Pinsemeningheta Klippen

Eldrerådet

